
Vår referanse 2020/846-4
Dato 26.02.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Fv. 5458 Risasjøvegen - Dispensasjon - Gnr 123 bnr 15 - Tilbygg fritidsbustad - Risa - Alver kommune

Vi viser til brev mottatt 03.02.2021 der de ber om uttale til søknad om dispensasjon for å oppføre fritidsbustad på gnr. 123 bnr. 15 i Alver kommune. Frist for uttale er fire veker.

Det er søkt om dispensasjon frå arealføremålet LNF i gjeldande kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden samt frå byggjeforbodet langs sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8.

Vi uttalar oss i denne samanheng som samferdslemynde for fylkesveg 5458 Risasjøvegen.

Vi har i vedtak av 26.03.2020 gitt løyve til opparbeiding av ny avkøyrsla til eigedomen. Vi har ikkje mottatt melding om at avkøyrsla er ferdig opparbeid. Dersom kommunen gjev løyve til tiltaket ber vi om at det vert stilt krav om at avkøyrsla skal vere ferdig bygd og godkjent av Vestland fylkeskommune for det vert gjeve løyve til igangsetjing av nye tiltak på eigedomen. Dette fordi eigedomen ikkje har tilfredsstillande avkøyrslforhold i dag.

Tilbygget er søkt plassert om lag 36 meter frå vegmidte til fylkesvegen. Byggjegrænse langs veg er regulert gjennom føresegn 1.4 jf. Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Den regulerte byggjegrænse er 15 meter frå vegmidte. Vi har ikkje merknad til plassering av tilbygget med bakgrunn i byggjegrænse langs veg.

Vestland fylkeskommune som samferdslemynde har ut over dette ikkje vesentlege merknader til søknad om tilbygg på gnr. 123 bnr. 15 i Alver kommune.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift